

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	07.03.2025
Vår referanse	2025/3425-4
Dykkar referanse	68ce4082-b61b-4aa6-bc64-
Sakshandsamar	86e8805f1b86
E-post	Øystein Wallevik
Telefon	Oystein.Wallevik@vlfk.no 92031295

Vassmiljøfagleg innspel VLFK - fråvik frå manøvreringsreglementet - Nedre Dukavatnet - Samnanger kommune

Vestland fylkeskommune, vassforvaltning, viser til søknad om fråvik frå manøvreringsreglementet i samband med rehabilitering av tappeluka i Nedre Dukavatnet i Samnanger kommune. Vassforvaltningas innspel vil i hovudsak knytte seg til rehabiliteringsarbeidet. Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta.

Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 fastset miljømål og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. For sterkt modifiserte vassførekomstar er miljømålet etter § 5 i vassforskrifta godt økologisk og potensial og god kjemisk tilstand.

Tilstanden for Nedre Dukavatnet er vurdert til å ha dårleg økologisk potensial, og detaljplanen bør innehalde ein tydeleg og konkret plan som vernar vassførekomsten mot vidare forringing og legg til rette for at tiltaket ikkje hindrar framtidig måloppnåing. Dette inkluderer spesifikke tiltak for handtering av sediment og betongavfall for å unngå spreiding til vassdraget.

I detaljplanen vert det nemnt at "*betongrestar og betongslam frå støyping skal handterast forsvarleg for å unngå spreiding til vassdraget.*" NVE bør vurdere om denne formuleringa er tilstrekkeleg konkret til å sikre vassførekomsten mot auka påverknad, og om det kan vere føremålstenleg å innføre overvaking av vasskvaliteten i anleggsperioden.

Med helsing

Øystein Wallevik
rådgjevar
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:
Merete Farstad

